

Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø

Vikevåg skule



Stavanger
kommune

Innhald

1. Innleiing	2
2. Regelverket i opplæringslova og friskulelova – nulltoleranse mot mobbing	4
3. Skulen sitt ansvar	5
Bestemmingar i opplærings- og friskulelova	5
Nulltoleranse mot krenkingar:	5
Aktivitetsplikta	5
Kva kan du som føresett gjera?	6
Aktivitetsplan	6
Klageordning	6
Informasjonsplikt til føresette og elevar	7
4. Mål	7
5. Samarbeid med barn	8
6. Arbeid for å sikre eit trygt, godt og inkluderande miljø ved Vikevåg skule	9
7. Arbeid med sosial kompetanse	10
8. Nulltoleranse mot krenking	11
9. Rutinar ved mistanke om at skulemiljøet ikkje er trygt og godt	13
10. Rutine når elev/føresette melder om at skulemiljøet ikkje er trygt og godt	14
11. Mistanke eller melding om at barnet ikkje har eit godt og trygt skulemiljø. Kva gjer eg?	14
12. Tips til gjennomføring av samtale med mobbeoffer/mobbar/klassen	15
13. Førebyggjande arbeid i klassar og grupper	18
14. Førebyggjande arbeid på skulen	19
15. Rutine for skule-/heim samarbeidet	20
16. Rutine for informasjon og kompetanseheving i personalet	21
17. Involvering av elevar og føresette i det systematiske skulemiljøarbeidet	22
Informasjon om fylkesmannen som håndhevingsorgan (§9A-6)	25

1. Innleiing

Eit godt psykososialt miljø og eit godt læringsmiljø legg til rette for trivsel, glede og god læring.

Vi som arbeider på Vikevåg skule arbeider systematisk og kontinuerleg for å kunne tilby alle elevar ein trygg og fagleg stimulerande skulekvardag. Vi fokuserer på dei vaksne si rolle som gode forbilde og tydelege leiingar i klasserommet med struktur og kultur for læring.

Vikevåg skule har sett seg følgjande langsiktige mål:

- Elevar ved Vikevåg skule skal kunne oppleve eit godt læringsmiljø som er fritt for mobbing.
- Vikevåg skule skal ha effektive tiltak som fremmer elevane sine sosiale ferdigheiter og som bidrar til å forebygge, redusere og stoppe eventuell problemåtferd på eit tidlegast mogleg tidspunkt.
- Skulen skal gjennom systematisk oppfølging og forbetringar av dei fysiske forholda og arbeide for at desse til ei kvar tid er best moglege.
- Elevrådet ved Vikevåg skule skal delta aktivt i skulemiljøarbeidet.
- Vikevåg skule skal drive systematisk arbeid for å fremje helse, miljø og sikkerheit til elevane.

Vikevåg skule har eit ordensreglement, klasse- og skulereglar og ein handlingsplan som er kjent for alle elevar og vaksne. Det gjer i seg sjølv tryggleik og forutsigbarheit.

Vi veit kor viktig det er med gode relasjonar mellom elevar og vaksne. Elevane på vår skule skal oppleve at dei vaksne bryr seg, viser omsorg og ser kvart enkelt barn.

Vi ønskjer å ha eit nært og godt samarbeid med føresette. Med felles haldningar og forventningar til elevane blir det lettare å drive førebyggjande og haldningsskapande arbeid.

I denne handlingsplanen ligg oversikt over rutinar for førebyggjande arbeid og korleis skulen ivaretek saker som gjeld medbestemmelse, mobbing, ekskludering og mistriivsel.

Planen skal reviderast årleg.

2. Regelverket i opplæringslova og friskolelova – nulltoleranse mot mobbing

Frå 1. august 2017 er det vedteke eit regelverk om skulemiljø. Alle elevar har rett til å ha eit trygt og godt skulemiljø som fremmer helse, trivsel og læring.

«Det er elevane si eiga oppleving av korleis dei har det på skulen, som er avgjerande. Kapittel 9A sine bestemmelsar om elevane sitt psykososiale miljø handlar ikkje først og fremst om mobbing, men om elevane har det trygt og godt på skulen basert på elevane si subjektive oppfatning av sitt eige skulemiljø. Spørsmålet som skulen må stille seg er om elevane opplever tryggleik og tilhøyrighet.»

(Frå rundskriv Oppvekst og utdanning, Stavanger kommune, datert 12.08.2020.)

Vi skal ha barnet sitt beste som grunnleggjande omsyn, jf artikkel 3 i barnekonvensjonen.

Skulen skal sørge for at elevane har det trygt og godt på skulen

Alle som jobbar på skulen skal følgje med på at elevane har det bra på skulen. Dersom ein vaksen på skulen veit om – eller trur – at ein elev blir mobba, plaga, eller på andre måtar ikkje har det bra, skal ho eller han alltid

- gripe inn og stoppe krenkinga med ein gong, dersom det er mogleg
- seie ifrå til rektor
- undersøkje det som har skjedd

Rektor har ansvar for å lage ein plan og sette inn tiltak for at eleven igjen får det trygt og godt på skulen igjen. Dette blir kalla for skulen si aktivitetsplikt.

Kva dersom ein elev blir mobba av ein tilsett på skulen?

Dersom ein elev opplever å bli mobba eller krenka av ein lærar eller andre som jobbar på skulen, har skulen eit ekstra ansvar for å følge opp saka. Rektor skal då varsle skuleeigar, som vil følgje opp saka vidare.

Melde saka til Statsforvaltaren

Dersom du eller barnet ditt meiner at skulen ikkje har gjort nok for å stoppe krenkingar, kan du melde saka til Fylkesmannen.

- Først må du ha tatt opp saka med rektor på skulen
- Det må ha gått minst ei veke frå du tok opp saka med rektor
- Saka må gjelde skulemiljøet på den skulen eleven går på no

Er det heilt spesielle tilfelle, kan du uansett ta kontakt med Fylkesmannen. Du må ta kontakt med Fylkesmannen i det fylket du bur i.

Kva kan Statsforvaltaren gjera?

Dersom Statsforvaltaren meiner at skulen ikkje har gjort det dei skal, kan dei bestemme kva skulen skal gjera for å sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Fylkesmannen skal setje ein frist for når tiltaka skal bli gjennomført og følgje opp saka. Dei kan og gje bøter dersom skulane ikkje følgjer opp.

Informasjon til barn, unge og foreldre om mobbing og rettigheter

På www.nullmobbing.no finn du informasjon om kva rettigheter elevar og foreldre har, og kva ein kan gjera dersom ein elev opplever mobbing

Kilde: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/informasjon-til-foreldre/>

3. Skulen sitt ansvar

Opplæringslova og friskulelova kapittel 9A seier at «alle elevar har rett til eit trygt og godt skulemiljø som fremmer helse, trivsel og læring». Skulen sitt ansvar er derfor:

- Å fremje eit trygt og godt skulemiljø, og å førebyggje og handtere mobbing og andre krenkingar.
- Skulen skal jobbe kontinuerleg og systematisk for å fremje elevane si helse, miljø og tryggleik.
- Rektor har ansvar for at dette blir gjort.

Bestemmingar i opplærings- og friskulelova

Desse bestemmingane gjeld på skulen, skulefritidsordninga, leksehjelp, skulevegen og andre aktivitetar i skulen sin regi.

Nulltoleranse mot krenkingar:

Skulen har nulltoleranse mot krenking, som mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Det er elevane si eiga oppleving som er avgjerande.

Aktivitetsplikta

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/skolemiljo/aktivitetsplikt/>

Formål: Sikre at skulane handlar raskt og riktig når ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen

Aktivitetsplikta består av fem delplikter:

1. følge med
2. gripe inn
3. varsle rektor
4. undersøke all mistanke og kjennskap
5. setje inn tiltak – heilt til eleven har det trygt og godt

Elev som krenker elev

Alle som jobbar på skulen skal:

- Følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø
- Gripe inn mot krenkande åtferd dersom det er mogleg
- Varsle rektor dersom dei får mistanke om / kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. I alvorlege tilfelle skal rektor varsle skuleeigar

Skulen skal:

- Undersøke:
 - Ved mistanke om / kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal skulen snarast mogleg undersøke saka
- Setje inn tiltak:

- Så langt det finnes eigna tiltak skal skulen sørge for at eleven har eit trygt og godt skulemiljø
- Skulen skal lage ein skriftleg aktivitetsplan når det skal gjerast tiltak i ei sak

Skjerpa aktivitetsplikt:

Dersom ein som jobbar på skulen krenker ein elev

Dersom ein som jobbar på skulen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som jobbar på skulen utset ein elev for krenkingar:

- Vedkomande skal straks varsle rektor
- Rektor varslar skulesjefen
- Er det ein i skulen si leing som krenker, skal skulesjefen varslast direkte

Kva kan du som føresett gjera?

Ta kontakt med skulen og rektor dersom ditt eller andre sine barn opplever å ikkje ha eit trygt og godt skulemiljø:

- Du kan ringje eller sende e-post
- Be om eit møte med kontaktlærer og/eller rektor

Aktivitetsplan

Eleven si oppleving av ikkje å ha eit trygt og godt skulemiljø skal alltid utløyse aktivitet og plikt til å setje inn tiltak. Skulen har plikt til å setje inn tiltak som er eigna til å sørge for at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Derfor skal skulen lage ein skriftleg plan når det skal gjerast tiltak i ei sak. I planen skal det stå

1. kva problem tiltaka skal løyse
2. kva tiltak skulen har planlagt
3. når tiltaka skal gjennomførast
4. kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka
5. når tiltaka skal evaluerast (tidfeste)

Skulen skal dokumentere kva som blir gjort for å oppfylle aktivitetsplikta etter første til femte ledd. Aktivitetsplanane varer så lenge ein elev opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt, og det finnes eigna tiltak som kan setjast inn. Skulen må derfor stadig evaluere tiltaka som er sett inn. Dersom tiltaka ikkje har oppnådd formålet, må skulen fortsetje arbeidet og vurdere om tiltaksperioden skal forlengast eller om det skal setjast inn fleire eller andre tiltak.

Mal for aktivitetsplan ligg ved denne planen.

Klageordning

Dersom heimen meiner at skulen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta, kan dei melde saka til Statsforvaltaren i Rogaland.

Statsforvaltaren vil berre behandle saka dersom dei i forkant har tatt opp saka med rektor og det har gått minst fem virkedagar frå saka blei tatt opp med rektor.

Ei eventuell klage bør vera skriftleg og begrunna, der ein konkretiserer kva ein er misfornøgd med.

Dersom Statsforvaltaren kjem fram til at skulen ikkje har oppfylt aktivitetsplikta si, kan Statsforvaltaren i eit enkeltvedtak bestemme kva skulen skal gjera for å sørge for at eleven får eit godt og trygt skulemiljø.

Informasjonsplikt til føresette og elevar

I Opplæringslova § 9 A-9 står det at «Skolen skal informere elevane og foreldra om rettane i dette kapitlet. Skolane skal òg informere om aktivitetsplikta etter §§ 9 A-4 og 9 A-5 og om høvet til å melde saka til fylkesmannen etter § 9 A-6.»

Skulen skal informere om aktivitetsplikta, den skjerpa aktivitetsplikta og moglegheita til å melde ei sak til fylkesmannen.

Det er ikkje eit krav om at informasjonen blir gitt på eit bestemt tidspunkt eller i ei bestemt form, men vi på Vikevåg skule har bestemt følgjande:

- Handlingsplan for eit trygt og godt skulemiljø blir lagt ut på skulen si heimeside.
- Vi informerer føresette om kapittel 9A på foreldremøte i starten av skuleåret.
- Vi informerer om kapittel 9A på foreldremøte i 0.klasse i juni måned.

4. Mål

I Vikevåg skule sin handlingsplan har vi satt som mål at elevane skal ha ein skulekvardag i eit trygt og inspirerende miljø. For at vi skal få til dette er det nødvendig at elevane opplever ein skulekvardag fri for mobbing og krenkande åtferd.

MÅL:

Alle elevar ved Vikevåg skule skal oppleve eit trygt og godt skulemiljø som fremmar helse, trivsel og læring.

5. Samarbeid med barn

Barnekonvensjonen blei i 2003 gjort til norsk lov gjennom menneskeretighetsloven. Dei generelle prinsippa i barnekonvensjonen står også i Grunnloven § 104. Norske særlover skal forstås og tolkast i lys av barn sine menneskerettar. Dette utløyser nokre prosessuelle rettार for barn.

Alle handlingar og avgjerdslar ovafor barn skal som utgangspunkt alltid ta omsyn til kva som er barnet sitt beste.

Før ein kan vurdere kva som er best for barnet, må desse rettane sikrast:

- Barnet har rett til å få informasjon
- Barnet har rett til å uttale seg fritt
- Barnet har rett til respekt for sitt privatliv

Barnet sitt beste skal alltid vere målet og dei tre andre rettane kan ein sjå på som framgangsmåtar som er nødvendige for å nå dette målet. Barn sine prosessuelle rettार gir ikkje barnet krav på ein type teneste eller ei bestemt handling, men avgjer korleis ein skal gå fram for å ta avgjerdslersom omhandlar barn.

På Vikevåg skule arbeider me kontinuerlig for å ivareta barnet sine rettार i arbeidet med eit trygt og godt skulemiljø.

Barnets beste skal ligge til grunn

I alle situasjonar skal ein vurdere kva som er til det beste for barnet både her og nå, men også på lang sikt. Det betyr at det av og til kan vere situasjonar der ein gjer val som for barnet kan verke negativt, men som den vaksne meiner gagnar barnet på lengre sikt. Før ein tek viktige avgjerdslar på kva som er til det beste for barnet, må barnet få uttale seg fritt om kva det meiner til ein trygg person på ein trygg stad. Dei vaksne skal prøve å ta omsyn til barnet si meining. Barnet skal vite kva du skal gjere vidare med informasjonen han/ho gir.

Barn har rett til informasjon

Barn skal vite kva rettार dei har. I klassen sin time, KRLE-timar og andre timar der det er naturleg vil læraren informere elevane om rettane deira. Dette gjeld særleg rettane barnet har

1. når noko skal bestemmast for eleven
2. når noko skal meldast heim
3. når vaksne på skulen samarbeider om barnet
4. til informasjon om kva vaksne i skulen, foreldre og andre vaksne ikkje har lov til å gjere

Eleven skal vere med i planlegging av utviklingssamtalen med heimen og få sei meininga si om kva som skal leggjast fram. Skulen er open med eleven om at ein alltid vil ha eit nært samarbeid med heimen. Alvorlege brudd på lovar og reglar må meldast til heimen. Eleven kan sei meininga si om når og korleis informasjonen skal kome fram.

Barn har rett til å uttale seg fritt (og trygt)

Det skal leggjast til rette for at barnet kan snakke fritt. Det skal opplevast som trygt å dele informasjon med dei vaksne på skulen. For at elevar som har det vanskeleg skal få mulighet til dette, kan ein tilby eleven å snakke med andre vaksne han er trygg på og til å velje ein stad det kjennest trygt å snakke. Eleven skal få vite at ein ikkje tek viktige avgjerdslar før barnet har fått uttale seg. Ein deler ikkje informasjonen før ein veit kva eleven tenkjer om det. Eleven skal ikkje bli pressa eller påverka av den

vaksne. Eleven skal informerast om kva du gjer vidare med det som er delt. Når vaksne samarbeider om barn, snakkar ein i lukka rom.

Barn har rett til eit privatliv

Barnet skal vite at vaksne på skulen har teieplikt. Eleven skal føle det trygt å dele informasjon og skal ikkje pressast til å dele private ting. På Vikevåg skule innhentar ein løyve (også frå barnet) før ein deler bilder av elevar. Ein deler ikkje bilder der enkeltbarn kjem tydeleg i fokus.

Tegn på god praksis i møte med elevar

1. Eleven får snakke trygt på skulen
2. Samarbeid mellom heim og skule vert gjort i samarbeid med eleven
3. Samarbeid mellom vaksne på skulen vert gjort i dialog med eleven
4. Eleven vert stoppa på ein trygg måte når noko dumt hender

Stavanger kommune sin strategi for samarbeid med barn "I skolene i Stavanger" ligg til grunn.

Opvekst og utdanning i Stavanger kommune har utarbeidd retningslinjer for barnets beste-vurderinger. Den ligg her

https://www.statsforvalteren.no/nn/Rogaland/Barn-og-foreldre/0-24/vurdering-av-barnets-beste-i-saksbehandling/?utm_source=nyhetsbrev&utm_medium=epost

6. Arbeid for å sikre eit trygt, godt og inkluderande miljø ved Vikevåg skule

Med «læringsmiljø» meiner vi dei samla kulturelle, relasjonelle og fysiske forholda på skulen som har betydning for elevane si læring, helse og trivsel.

Vikevåg skule arbeider dagleg for eit godt læringsmiljø i tråd med Utdanningsdirektoratet sine føringar.

Utdanningsdirektoratet har hatt ein brei gjennomgang av forskning på læringsmiljøfeltet, og på bakgrunn av dette vil vi framheve fem forhold som er grunnleggjande for at elevane skal oppleve eit godt læringsmiljø:

1. God skuleleiing, organisasjon og kultur for læring på skulen

At skulen som organisasjon har god leiing og blir prega av ein kultur for læring, har ein indirekte effekt på elevane sitt læringsmiljø og læring. Ei solid leiing og organisasjon er ei forutsetnad for at arbeidet med elevane sitt læringsmiljø føregår systematisk og kontinuerleg, og at skulen tek i bruk meir forskingsbasert kunnskap.

2. Læraren si evne til å leie klassar og grupper

Læraren si evne til å leie klassar og grupper er ein av dei viktigaste faktorane i arbeidet mot mobbing og for å skape gode læringsmiljø. God klasseleiing blir kjenneteikna av ein tydeleg struktur i undervisningsforløpet og formulering av tydelege mål for elevane si læring og læringsmiljø. Du som lærar må ha tydelege forventningar til elevane, gi dei konstruktive tilbakemeldingar både fagleg og sosialt og motivere dei til vidare arbeid. For å kunne gje tilbakemeldingar på elevane si åtferd er det viktig at skulen sitt ordensreglement, klassereglar og rutinar er innarbeida i klassen.

3. Positive relasjonar mellom elev og lærar

Den autoritative læraren har stor relasjonell kompetanse. Han eller ho byggjer bevisst opp ein positiv relasjon til kvar enkelt elev. Elevane opplever at læraren bryr seg, viser omsorg og støtter dei slik at

dei opplever tryggleik og tillit. Læraren stiller rettferdige krav til elevane, og roser og korrigerer ut frå klassen sine kjente og faste normer.

Læraren med stor relasjonell kompetanse har flytta fokuset frå eleven til samarbeidet og relasjonen, og har gått frå eigenskapsforklaringar til relasjonsforklaringar. Læraren skaper engasjement og motivasjon for læring og bidrar til god sjølvfølelse hos elevane.

4. Positive relasjonar og kultur for læring blant elevane

Elevar som blir sett og anerkjent av læraren, blir trygge og i forhold til andre elevar. Kulturen i elevgruppa har betydning for både læring og veremåte. Ein klasse med kollektiv vi-følelse og eit godt samarbeid vil skjerme om og beskytte kvarandre og ikkje tolerere at nokon blir plaga eller krenka. Elevane blir trena i å løyse konflikter, og ueinigheit blir ikkje opplevd som ein trussel. Dei vil oppleve det som positivt å vera aktive og interesserte, og dei vil akseptere ulikheiter. Det er like greitt å vera flink som å ha faglege eller sosiale utfordringar.

5. Godt samarbeid mellom skule og heim

Dersom foreldra og lærarane formidlar dei same positive forventningane til elevane, blir det lettare for alle partar. Skule og heim må nærme seg kvarandre og snakke same språk. Når elevane opplever at dei vaksne set dei same grensene for mobbing og asosial åtferd, vil dette i seg sjølv virke førebyggjande.

7. Arbeid med sosial kompetanse

Skulen har verdiord for kvar månad og arbeider kontinuerlig med sosial kompetanse i klassane. Verdiord skal vere synlege i klasserom og på vekeplan i periodane.

Periode	Eigenskap	Mål
August September	MOT -når vi tør gjera noko som er bra, eller har lyst til, sjølv om vi synes det er litt skummelt	Eg står for egne val Eg seier meininga mi Eg seier ifrå når ting er vanskeleg
Oktober	SJØLVKONTROLL -når du bestemmer over det du gjer på ein positiv måte	Eg kan vente på tur Eg kan ta kontroll over eigen følelsar Eg kan ta gode val Eg taklar å møte motgang Eg tenkjer før eg handlar
November	RESPEKT -det er når vi viser hensyn/omsyn til oss sjølv, andre, ting og dei som bestemmer	Eg lar dei andre ha tinga sine i fred Eg lytter til andre, då lyttar andre til meg Eg ser på den som snakkar til meg Eg følger skulen sine reglar Eg har omsyn til andre
Desember	TOLMOD -det treng vi når vi må vente på noko	Eg venter på tur Eg står fint i kø Eg lar andre snakke ferdig
Januar	OMSORG -det er når vi viser at vi bryr oss om andre med det vi seier eller gjer Å VERE HJELPSAM -det er når vi hjelper andre	Eg bryr meg om andre Eg hjelper andre elevar Eg trøystar dei som er lei seg Eg inviterer andre med i leiken

Februar	HUMANISME Tru og handle ut ifrå at alle mennesker er like mykje verd sjølv om dei ser forskjellige ut og meier forskjellige ting.	Eg respekterer at andre meiner noko anna enn meg. Eg lyttar til alle Eg lar alle vere med i leiken Eg respekterer at alle er ulike
Mars	SAMARBEID -det er når vi klarer å jobbe saman med andre for å få til noko	Eg tek ansvar i samarbeid Eg lar andre ta del i arbeidet Eg lar alle kome med forslag
April	Å HALDE UT -det er når vi holder ut sjølv om vi har lyst til å gi opp	Eg kan lytte og vente på tur Eg held ut sjølv om noko er vanskeleg Eg tenkjer at eg kan klare litt til Eg konsentrerer med så godt eg kan
Mai	HUMOR -evne til å glede seg sjølv og andre med smil og latter	Eg kan fortelje ein vits Eg kan le av egne feil Eg kan gjere andre glad
Juni	SJØLVTILLIT -ha tru på at du er noko, kan noko og veit noko	Eg veit at eg er ein viktig del av klassen min Eg kan sei noko eg er god til

8. Nulltoleranse mot krenking

Vikevåg skule har nulltoleranse mot krenkingar, jf. Opplæringslova § 9 A-3. Eksemplane som blir nemnt i lova er mobbing, vald, diskriminering og trakassering, men Vikevåg skule skal ha nulltoleranse og for mindre alvorlege krenkingar. Verken direkte handlingar som for eksempel hatytringar, eller meir indirekte krenkingar, som utestenging, isolering og baksnakking skal tolererast. Kva som er ei krenking skal tolkast vidt, men ikkje slik at alle kritiske utsegn eller ueinigheiter er krenkingar. Skulen si oppgåve er og å lære elevane å tenke kritisk og å respektere andre sine meiningar og overbevisningar, jf. Prop. 57 L (2016-2017) s. 14.

Vikevåg skule sitt ansvar er å fremje eit trygt og godt skulemiljø, og å forebygge og handtere mobbing og andre krenkingar. Mobbing, vald, rasisme, diskriminering og seksuell trakassering er berre eksempel på krenkjande ord og handlingar. Negative, enkeltstående utsegn om ein person sitt utsjåande, klede, tru, dialekt er og eksemplar på krenkingar. Under er det definisjonar på ulike krenkingar, jf. Kunnskapsdepartementet, <http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd.html?id=586>

Mobbing

Ein person blir mobba når han eller ho, gjentatte gonger og over tid, blir utsett for negative handlingar frå ein eller fleire personar. Det er ein negativ eller aggressiv handling når nokon med vilje påfører ein annan person skade eller smerte – ved fysisk kontakt, ved ord eller på andre måtar. For å kunne bruke omgrepet mobbing skal det og vere ein viss ubalanse i makt- og styrkeforholdet: den som blir utsett for dei negative handlingane, har vanskeleg for å forsvare seg og er noko hjelpelaus ovanfor den eller dei som plagar han eller henne.

Etter denne definisjonen, som og blir brukt internasjonalt, er mobbing kjenneteikna av desse tre kriteria: 1) Det dreier seg om aggressiv eller vondsinna åtferd, som 2) gjentar seg og varer over ei viss tid 3) i ein mellommenneskeleg relasjon som er prega av ein viss ubalanse i styrke eller maktforholdet. Mobbing inntreffer ofte utan nokon openbart provokasjon frå offeret si side. Det er

viktig å understreke at opplevinga av mobbing er subjektiv. Definisjonsretten ligg hos den som føler seg utsett for mobbing.

Lova omfattar både direkte mobbing med angrep på offeret, og indirekte mobbing, med sosial isolering og utestenging frå gruppa.

Rasisme

Rasisme omfattar diskriminering på grunnlag av «rase», hudfarge eller nasjonalt eller etnisk opphav.

Diskriminering

Diskriminering inneberer at ein person blir dårleg behandla eller trakassert, for eksempel på grunn av kjønn, funksjonsdyktigheit, trosbekjenning, hudfarge, nasjonal eller etnisk opprinning. Diskriminering kan både vera direkte og indirekte.

Seksuell trakassering

Seksuell trakassering blir definert som regel som uønska seksuell oppmerksomheit som blir opplevd som krenkjande og plagsom for den som blir ramma.

Det er vanleg å skille mellom fysisk, verbal og ikkje-verbal trakassering.

- a) Verbal trakassering: kan skje via for eksempel seksuelle hentydningar og forslag eller kommentarar om kropp, utsjåande eller privatliv.
- b) Ikkje-verbal trakassering: dreier seg for eksempel om nærgåande blikk, kroppsbevegelsar, visning av seksuelle bilder, blotting og liknande.
- c) Fysisk trakassering: omfattar alt frå uønska berøring, klemming og kyssing til overgrep som valdtekt og forsøk på valdtekt. Seksuell trakassering forekommer og i utstrakt grad på nettet, på sosiale medier, e-post eller tekst- og/eller bildemeldingar.

Denne gjennomgangen er henta frå Fafo-rapporten 2017:09 «Seksuell trakassering i arbeidslivet» (kapittel 1), skreve av forskarane Mona Bråten og Beate Sletvold Øistad.

Ord eller handlingar som i utgangspunktet ikkje er meint å vera krenkjande, vil likevel kunne bli oppfatta slik. Ulike aldersgrupper og sosiale og kulturelle grupper vil ha ulike normer for åtferd. Eit utsegn eller ei handling som ville vere akseptabel innad i gruppa, vil kunne virke krenkande eller skremmande på elevar utafør denne gruppa. Her kan det vere ei utfordring å finne balansen mellom humor og krenkingar. Bestemminga gjeld både situasjonar der krenkande ord eller handlingar kjem frå medelevar og der dei kjem frå personalet.

Vikevåg skule ser utfordringa i at kva det enkelte individ oppfattar som krenkande ord og handlingar ikkje nødvendigvis er samanfallande med definisjonar frå Utdannings- og forskingsdepartementet og manifestpartane. Dette kan vere ei utfordring i kvardagen. Vikevåg skule oppfattar imidlertid kapittel 9A slik at dersom ein elev eller eleven sine foreldre oppfattar at eleven er blitt utsett for krenkande ord og handlingar, og ønsker at tiltak skal blir iverksett, må skulen sette i gang undersøkingar og tiltak og dokumentere dette skriftleg.

9. Rutinar ved mistanke om at skulemiljøet ikkje er trygt og godt

	TILTAK	ANSVAR
1	Den som observerer eller får opplysningar om at elevar blir plaga har plikt til å reagere i situasjonen og informere eleven sin kontaktlærer og rektor. Notat vedr. saka blir utarbeidd Informasjon til kontaktlærer og rektor blir gitt straks.	Alle
2	Kontaktlærer, spes.ped.koordinator, avdelingsleiar og rektor diskuterer saka og set i verk undersøkingar i form av observasjon, samtale med involverte partar, logg i klassen, informasjonsinnhenting frå lærarar og anna kartlegging. Helsesjukepleiar kan bli involvert i dette arbeidet ved behov. Føresette til offeret blir vurdert informert.	Rektor
3	Føresette til offeret skal kontaktast dersom undersøkingar viser at saka handlar om mobbing eller krenkande åtfærd. Vurdere å bringe inn PPT eller andre fagmiljø i saka.	Kontaktlærer/rektor
4	Tiltak blir diskutert på møte der leiinga, kontaktlærer, evt faglærarar og helsesjukepleiar deltek. Aktivitetsplan blir utarbeidd og tiltak blir iverksett. Svært alvorlege hendingar som innbefattar vald og trakassering over lengre tid kan føre til vedtak om utvisning eller skulebytte for den/dei elevane som har utført handlingane. Skuleeigar skal bli informert i dei alvorlege sakene og i saker som skulen ikkje klarer å løyse. - Tiltak blir iverksett - Føresette og involverte elevar blir informert	Rektor
5	Tett oppfølging av dei iverksette tiltaka.	Rektor
6	Evaluering av tiltaka etter ein periode	Rektor
7	Nye tiltak blir iverksett dersom saka ikkje er løyst. Skuleeigar blir informert.	Rektor

10. Rutine når elev/føresette melder om at skulemiljøet ikkje er trygt og godt

	TILTAK	ANSVAR
1	Den som mottok opplysningar om at elevar blir plaga har plikt til å reagere i situasjonen og informere eleven sin kontaktlærer og rektor. Førsette si melding blir notert med dato og levert rektor. Dersom førsette har sendt ein mail/brev blir dette levert rektor straks. Meldinga blir arkivert i mappa til eleven i Public oppvekst (leverast til skulesekretær).	Alle
2	Kontaktlærer, spes.ped.koordinator, avdelingsleiar og rektor diskuterer saka på møte og iverksett undersøkingar i form av observasjon, samtale med involverte partar, logg i klassen, informasjonsinnhenting frå faglærarar, sosiometrisk kartlegging mm. Helsesjukepleiar kan bli involvert i dette arbeidet. Førsette blir informert.	Rektor
3	Førsette og elev blir kalla inn til møte der saka blir diskutert, resultat frå skulen si undersøking blir lagt fram. Tiltak blir diskutert. Skulen vurderer å bringe inn PPT eller andre fagmiljø i saka. Rektor, avdelingsleiar, kontaktlærer og evt. helsesjukepleiar deltek.	Rektor
4	Aktivitetsplan blir utarbeida og tiltak iverksett. Svært alvorlege hendingar som innbefattar vald og trakassering over lengre tid kan føre til vedtak om utvisning eller skulebytte for den/dei elevane som har utført handlingane. Skuleeigar blir informert.	Rektor
7	Tett oppfølging av dei iverksette tiltaka.	Kontaktlærer/rektor
8	Evaluering av tiltak etter ein periode. Dato skal stå i aaktivitetsplanen.	Kontaktlærer/rektor
9	Nye tiltak blir iverksett dersom saka ikkje er løyst. Skuleeigar blir informert.	Kontaktlærer/rektor

11. Mistanke eller melding om at barnet ikkje har eit godt og trygt skulemiljø. Kva gjer eg?

Du er førsett:

Får du mistanke om at ditt barn ikkje har eit godt og trygt skulemiljø, ta ein samtale med barnet så fort som mogleg. Ikkje sjeldan er barn offer for truslar og press og dei ønskjer tilsynelatande ikkje at foreldre og skulen skal involverast i saka. Det er anbefalt at foreldre først kontaktar kontaktlæraren til barnet. Kontaktlærer vil i samråd med foreldre varsle rektor.

Når foreldre melder ei bekymring til skulen, har dei rett til å få vite kva tiltak skulen vil igangsette for å få endra situasjonen for sitt barn.

Du er lærar/tilsett ved skulen:

Ved mistanke om at eit barn ikkje opplever å ha eit godt og trygt skulemiljø, skal kontaktlærer samle inn så mykje informasjon/dokumentasjon som mogleg. Dette kan gjerast ved å snakke med:

- Eleven som melder om å ikkje ha eit godt og trygt skulemiljø.
- Førsette til denne eleven.
- Førsette til medelevar, eventuelt til den/dei som utfører krenkande handlingar.
- Medelevar
- Den eller dei som bidrar til at eleven opplever krenkande handlingar.
- Andre lærarar

Du er elev:

Om du som elev oppdagar, eller mistenker at det føregår negative ting i elevmiljøet, snakk med din kontaktlærer. Kontaktlærer er ansvarleg for at saka blir sendt vidare og blir behandla i henhold til Vikevåg skule sin handlingsplan for eit trygt og godt miljø.

Ivaretaking:

Alle elevar skal oppleve tilsette som ivaretek dei, og som er trygge og tydelege.

Dei som utfører krenkande handlingar, skal møte tilsette som klart tar avstand frå det som er gjort, men som viser elevane respekt og har forventningar om endra åtferd. Den vaksne skal høyre alle sider av saka.

Alle involverte foreldre skal oppleve tilsette som viser dei og barna respekt.

Meldingar frå elevar og føresette blir straks tatt på alvor.

Både for den som blir utsett for krenkande handlingar og dei som utfører desse, kan det være behov for å trekke inn ekspertise frå andre fagmiljø.

Undersøking:

Når skulen har motteke ei bekymring eller har eiga bekymring for at det føregår krenkande handlingar, skal det straks iverksetjast undersøking. Undersøkinga kan gjerast på mange måtar. For eksempel:

- Samtalar med eleven som blir utsett for krenkande handlingar
- Samtalar med føresette til eleven som blir utsett for krenkande handlingar
- Samtalar med andre elevar
- Observere samspel mellom elevar
- Tilstedeværelse og tilsyn i friminutta
- Felles reglar når det gjeld problemåtferd
- Tema i elevsamtalar
- Faste klasse møter i veka
- Utviklingssamtalar med føresette og elevar
- Foreldremøte
- Ved mistanke om mobbing: Intensivere observasjon, undersøke og innhente opplysningar
- Sosiometrisk analyse/kartlegging av klasse miljø
- Logg i klassen/på trinnet
- Skulen si eiga trivselsundersøking
- UDIR si elevundersøking på 7.trinn

12. Tips til gjennomføring av samtale med mobbeoffer/mobbar/klassen

Samtale med mobbeoffer:

- gje eleven mulighet til å snakke med den personen han er tryggast på
- vel ein stad eleven er komfortabel med
- start samtalen med å sei at du veit at eleven blir mobba
- gje eleven støtte
- la eleven fortelje utan å presse
- la eleven skal få uttale seg fritt og trygt
- fortel i grove trekk kva som skal gjerast, og at rektor er informert
- informer eleven om kven du snakkar med om dette
- avtal nytt møte (Ikkje la det gå meir enn ei veke)
- kontakt føresette til eleven.
- avtal med eleven kva og korleis du informerer heimen

Ha gjerne fleire samtalar med offeret før plagaren blir tatt inn til samtale.

Samtalar med mobbarane:

Individuelle samtalar:

- hent eleven ut frå klassen
- klargjer at du veit om mobbinga
- sei klart og bestemt at du og skulen ikkje aksepterer mobbing, og at rektor er informert
- la eleven forklare si side av saken (lytt og ikkje gå inn i diskusjon)
- gjenta at mobbinga skal ta slutt straks
- du kan så invitere plagaren(ane) til samarbeid, eksempelvis ved å spørre om han/ho har sett at andre plagar mobbeofferet
- dersom ja, spør kva eleven kan bidra med
- avslutt og gå med eleven til klassen

Gruppesamtale:

- sei kva du og kvar enkelt har snakka om og kva som var konklusjonen
- gi ei anerkjenning om mogleg
- gjenta at mobbinga tar slutt straks, og at du vil følgje nøye med
- sei at rektor vil bli informert fortløpande
- sei at dei føresette blir kontakta
- avtal korleis de skal informere heimen
- evt forespeiling av problem som kan oppstå
- avtal nytt møte om ca tre dagar

Mobbeofferet og plagarane

Dersom undersøkinga og vurdering av saka viser at det kan være hensiktsmessig med eit møte mellom mobbarar og mobbeoffer kan dette gjerast på to ulike måtar:

- partane har eit møte etter ei tid, for eksempel etter 1-2 møter med plagarane
- partane har eit møte alt ved slutten av første møte med plagarane.

Føresette til begge partar blir informert og mobbeofferet blir godt informert og førebudd. Lærer er alltid til stades på slike møter.

Tips til samtale med føresette til mobbeofferet:

- Forklar grunnen til møtet
- Spør korleis dei oppfattar situasjonen (du får då vite kor mykje dei veit)
- Gje støtte – ikkje gå i forsvar
- Marker at skulen har regien, og sei generelt kva som er gjort og kva som skal gjerast
- Informer om at rektor er informert

Ulike modellar for å kontakte føresette

Modell 1

- Ring heim og forklar kort saka
- Vurder om føresette til begge partar skal inviterast til felles møte

Modell 2

- Kall inn dei føresette til kvar plagar for seg
- Innkall eventuelt til eit fellesmøte, sjå modell 1

Modell 3

- Løys saka med plagaren utan å trekke inn foreldra

13. Førebyggjande arbeid i klassar og grupper

Aktivitet	Ansvar	Når	Korleis
Elevsamtalar	Kontaktlærer		Jamnleg
Sosiogram	Kontaktlærer		Haust og vår
Klassen sin time	Kontaktlærer		Kontaktlærer i klassen
Jamnleg kartlegging av læringsmiljøet i klassane	Kontaktlærer/ Rektor		Elevundersøkinga Kartleggingsskjema Tiltak blir iverksett
Klassereglar	Kontaktlærer/ klasse	Ved skulestart og blir jamnleg repetert	Heng synleg i klasserom
§9A som fast punkt på trinntida	Leiinga/ kontaktlærer		
Sosial logg for klassen	Kontaktlærer		Evt bruke loggbok
Fokus på positiv åtferd, bruk av ros, støtte og anerkjenning	Kontaktlærer og faglærarar	Kontinuerleg	
Aktiv bruk av læringspartnar. Blir variert gjennom heile skuleåret.	Kontaktlærer og faglærer	Etter behov	
Jobba med nettvett på alle trinn	Faglærer/ Kontaktlærer	Blir innarbeid i fagundervisning og gjennom arbeid med sosial kompetanse	
Sosiale mål kvar månad Står i årshjul og på plan for sosial kompetanse	Lærarane på trinnet		Verdiord synleg i klasserommet og på vekeplan
Felles aktivitetar i klassen for å styrke sosial tilhørigheit	Lærarane på trinnet		Kan gjerast synleg på vekeplan
Elevundersøkinga 7.trinn	Rektor og lærarane på trinnet	Etter undersøkinga med lærarar	Synleg på vekeplan
Skulen si eiga trivselsundersøking	Kontaktlærer	Januar	Blir lagt fram for elevråd og SMU
Trivselsleiarar i friminutt	TL-Leiar	Gjennom heile skuleåret	
Trivsel som fast punkt på elevrådsmøter	Ansvarleg lærar i elevråd	Eigen møteplan	

14. Førebyggjande arbeid på skulen

Aktivitet	Ansvar	Når	Korleis
Ordensreglement	Rektor/kontaktlærer	Heile året	Gå gjennom i starten av året
Elevrådsarbeid	Ansv lærar/rektor	I samsvar med møteplan	Jamnleg
Fellesturar	Kontaktlærer	August, april (påske) og mai	
BlimE-dans	Kontaktlærer	Heile året fellesdans i november	
Friminuttvaktar med gul vest i friminutt og ved buss	Personalet	Heile året	Vaktene er presise og sprer seg rundt på området
FAU-møter	FAU/rektor	I samsvar med møteplan	Aktuelle informasjons- og beslutningssaker.
Sosiale tiltak gjennom året	Kontaktlærarar, faglærarar og leiinga		
Solidaritetsdag	Hei Verden Rektor	Vår	
Aktivitetsdag, elevkveld 5.-7.trinn	Leiinga og lærarar	Gjennom hele skoleåret	Årsplan for fellesaktivitetar
Elevundersøkinga 7.trinn	Rektor	FAU/SMU	
Skulen si eiga undersøking	rektor	Januar	

15. Rutine for skule-/heim samarbeidet

Aktivitet	Ansvar	Når	Korleis
Gjennomføre gode utviklingssamtalar	Kontaktlærer	Haust og vår	Kontaktlærer inviterer føresette
Leiinga deltek på foreldremøte for ny 1.klasse – informerer om skulen sitt førebyggjande arbeid og elevar og føresette sine rettigheter.	Leiinga	Juni	Felles presentasjon
Respektfullt og godt samarbeid	Kontaktlærer	Gjennom skuleåret	
Informasjonsskriv	Leiinga	Gjennom skoleåret	Leiinga legg ut saker på skulen si heimeside
Gjennomgang av handlingsplan for eit trygt, godt og inkluderande miljø på foreldremøter kvar haust	Kontaktlærarar	Kvar haust	
Skulen informerer elevar og føresette om vesentlege endringar i opplæringa. For eksempel lærarbytte etc.	Leiinga	Ved behov	Samarbeid om eit godt klasse- og skulemiljø
Foreldreundersøkinga	Leiinga	3. og 6. trinn nov/des	
SFO-undersøkinga	SFO-leiar	Mars	
Dato og signatur <input type="checkbox"/> arkiv			

16. Rutine for informasjon og kompetanseheving i personalet

Aktivitet	Ansvar	Når	Korleis
Revidere handlingsplan for trygt og godt læringsmiljø	Leiinga og lærarane	Juni/august kvart år	
Informasjon om aktivitetsplikt ifm trygt og godt læringsmiljø.	Leiinga	Gjennomgang på planleggingsdagar i august og jamnlege påminningar	
Gjennomgang av handlingsplan for eit trygt, godt og inkluderande miljø.	Leiinga	Gjennomgang plandagar i august og jamnlege påminningar	
Kompetanseheving klasseleiing-erfaringsdeling eller kurs	Leiinga	Fellestid	
Repetisjon og gjennomgang av skulen sitt ordensreglement	Leiinga	Fellestid	
Dato og signatur <input type="checkbox"/> arkiv			

17. Involvering av elevar og føresette i det systematiske skulemiljøarbeidet

Aktivitet	Ansvar	Når	Korleis
Elevrådet – gjennomgår elevundersøkinga	Ansvarleg elevråd, sosialkoordinator.	I samsvar med møteplan	Referat
Elevrådet blir kjent med plan for eit trygt og godt skulemiljø.	Rektor	I samsvar med møteplan	Referat
Skulen gjennomgår resultatet frå elevundersøkinga 5. -7.trinn	Rektor	FAU/SMU	Referat
Dato og signatur <input type="checkbox"/> arkiv			

Ny revidering vår 2024

Aktivitetsplan

AKTIVITETSPLAN ETTER OPPLÆRINGSLOVEN §9A-4:

- Skolen har etter opplæringsloven §9A-4 en *aktivitetsplikt* ved mistanke eller kjennskap til at en elev ikke har det trygt og godt på skolen. Formålet med aktivitetsplikten er at skolene skal handle raskt og riktig når en elev ikke har det trygt og godt på skolen.
- Etter aktivitetsplikten skal skolen lage en skriftlig *aktivitetsplan* når det skal gjøres tiltak i en sak som angår elevens skolemiljø (jf. opplæringsloven § 9A-4 sjettede ledd første punktum).

Aktivitetsplan for:

Elev:	Skole: Vikevåg skule	Dato:
--------------	-----------------------------	--------------

[*Elevens navn*] har rett til et trygt og godt skolemiljø som fremmer helse, trivsel og læring. Vikevåg skule har [dato] fått vite av [hvem]/har funnet ut ved hjelp av [hvordan] at [*elevens navn*] ikke har det trygt og godt på skolen fordi [skriv hva som er utfordringen/ hvilket problem som skal adresseres med denne aktivitetsplanen].

Hva mener eleven?

[Hva har eleven uttalt om saken? Hvis eleven har synspunkter om hvilke tiltak som bør settes inn, hva mener eleven at er egnede tiltak?] Kort beskrivelse av når og hvordan de involverte elevene har blitt hørt i denne saken.

Aktivitetsplikten:

Plikt til å følge med Kort beskrivelse av hva som er gjort for å oppfylle plikten til å følge med.	
--	--

<p>Plikt til å gripe inn</p> <p>Kort beskrivelse av hva som er gjort for å oppfylle plikten til å gripe inn (gjelder spesielt akutte situasjoner).</p>	
<p>Plikt til å varsle</p> <p>Hvem og når er saken varslet rektor og ev. skoleeier (jfr. 9A-5).</p>	
<p>Plikt til å undersøke</p> <p>Hvilke undersøkelser er gjort, av hvem og når. Hva har av undersøkelsene i saken avdekket?</p> <p>I saker med omfattende undersøkelser, kan dokumentasjon framkomme som vedlegg, f eks møtereferater, trivselsundersøkelser o.l.</p>	

Aktivitetsplan

<p>Plikt til å sette inn tiltak</p> <p><i>Ut fra bakgrunnen og undersøkelsene i saken, hvilke tiltak vil skolen sette inn for å sikre eleven et trygt og godt skolemiljø? Beskrivelsen av tiltakene skal være mest mulig konkrete, angi når tiltakene skal gjennomføres, angi hvem som har ansvar for at tiltakene gjennomføres og når tiltakene skal evalueres sammen med elev/foresatte.</i></p>

Beskrivelse av tiltak/aktivitet	Ansvarlig for gjennomføring (person)	Tiltaket Igangsettes (dato)	Tiltaket evalueres

Øvrige kommentarer

Her kan skolen hvis behov skrive utfyllende vurderinger, f eks rundt/ begrunnelser for hvilke tiltak som er valgt/ikke valgt.

Foresatte/eleven er orientert om aktivitetsplanen: _____

Denne aktivitetsplanen er utarbeidet av:	
Sted og dato:	
Rektors underskrift:	

Informasjon om statsforvalteren som håndhevingsorgan (§9A-6)

Hvis eleven eller foreldrene vil kontakte noen som kan vurdere om skolen har behandlet en sak som omhandler skolemiljø riktig eller burde gjøre mer, kan de melde fra til fylkesmannen.

For at fylkesmannen skal vurdere saken, gjelder følgende:

- saken må være tatt opp med rektor på skolen
- det må ha gått minst en uke siden saken ble tatt opp med rektor
- saken må gjelde skolemiljøet på den skolen eleven går på nå

Kontaktinformasjon til Statsforvalteren i Rogaland er lagt ut på deres hjemmeside

<https://www.statsforvalteren.no/nb/Rogaland/Barnehage-og-opplaring/>